

› Skulehelseteneste, helsestasjon og jordmorteneste

Ca 2000 barn mellom 0-6 år får oppfølging av helsestasjon.

I 2023 var det 84 fødsler, 4 fødte er nytilflytta.

Ut frå helsestasjonen sine register:

- **38** born 0-15 år (25 familiar) har flytta til Giske kommune i 2023
- **15** av borna er utanlandske (8 familiar).
- **33** born 0-15 år (19 familiar) har flytta frå Giske kommune i 2023

Tal oppfølging jordmor: 92

På grunn av høgt sjukefråvær, 11,8% totalt i 2023, har det vore utfordringar med å gjennomføre planlagte aktivitetar. Spesielt har dette ført til redusert kapasitet i skulehelsetenesta ved ungdomsskulen, og det har vore redusert tilbod om foreldrerettleiingsgrupper. Det blir løpande vurdert tiltak og endring av prioriterte oppgåver for å redusere konsekvensane av høgt sjukefråvær. Kommunen har hatt tilstrekkeleg tilgang på jordmorkompetanse. Kommunen har 1,9 stillingar finansiert av tilskotsmidlar, derav 40% styrking av jordmortenesta.

Kostratal Helsestasjon- og skulehelseteneste, 2023

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Sula	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjerer	Årsverk	44,5	50,2	57,4	53
Andel nyfødde med heimebesøk helsesjukepleiar	Prosent	90,5	94,7	94,2	88,4